



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

N V E

Til adresseliste

Vår dato: **13 AUG 2012**
Vår ref.: NVE 201104255-12 kv/firh
Arkiv: 312 /055.51Z
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Finn Roar Halvorsrud

Aldal Kraft AS - Søknad om løyve til Aldalselva kraftverk i Samnanger kommune, Hordaland - høyring

NVE har motteke ein søknad frå Aldal Kraft AS, datert 04.07.2012, om løyve til Aldalselva kraftverk i Samnanger kommune.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Aldalselva kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte *Einar Sofienlund*, på e-post: enar@sofienlund.org eller tlf 90 94 43 22.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE ber Samnanger kommune om å kunngjere saka på sine heimesider, og leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset fram til **28.september 2012**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Dette tiltaket må sjåast i samanheng med BKK Produksjon AS sitt omsøkte prosjekt som omfattar utbygging av Aldalselva. Den saka vart sendt på høyring i perioden 7. februar 2011 til 13. mai 2011. Ettersom desse søknadene er konkurrerande prosjekt tek NVE sikte på å halde ei felles synfaring av begge prosjekta i haust.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **28.september 2012**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor

Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge

Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord

Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør

Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest

Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE


Region Øst

Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR




Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan brukast til dette. Fråsegna er offentlege dokument. Sentrale saksdokument vert lagt ut på NVE sine nettsider.

Med helsing



Carsten Stig Jensen
seksjonssjef



Finn Roar Halvorsrud
avdelingsingeniør

Vedlegg: 4 Søknad til kommunen
 Kunngjeringstekst
 Informasjonsark
 Adresseliste

Kopi: Aldal Kraft AS, c/o John Haukenes, Haukenesvegen 125, 5652 ÅRLAND

Adresseliste for: Aldal Kraft AS – Søknad om bygging av Aldalselva kraftverk

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: Bergens Tidende og Samningen

Tal på søknadar	Namn/adresse
3	Samnanger kommune, 5650 TYSSE
	Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
	Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
	Mattilsynet, Hordaland og Sogn og Fjordane, Postboks 383, 2301 Brumunddal
	Fiskeridirektoratet, Region Vest, Postboks 185 Sentrum, 5804 Bergen
	Kystverket Vest, Postboks 466, 5501 Haugesund
	Havforskningsinstituttet, Postboks 1870 Nordnes, 5817 Bergen
	Direktoratet for naturforvaltning, 7485 Trondheim
	Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger
	Bergen sjøfartsmuseum, Håkon Sheteligsplass 15, 5007 Bergen
	Forum for natur og friluftsliv i Hordaland v/Bergen Turlag, Tverrgt. 4/6, 5017 BERGEN
	Friluftslivets fellesorganisasjon, Nedre Slottsgate 25, 0157 OSLO
	Friluftsrådet Vest, Postboks 63, 5575 Aksdal
	SABIMA, Postboks 6784 St. Olavs plass, 0130 OSLO
	Naturvernforbundet i Hordaland, Postboks 1201, 5811 BERGEN
	Norges Miljøvernforbund, Postboks 593, 5001 BERGEN
	Miljøstiftelsen Bellona, Postboks 2141 Grünerløkka, 0505 OSLO
	Den Norske Turistforening, Youngstorget 1, 0181 OSLO
	Norges Jeger- og Fiskerforbund, Postboks 94, 1378 NESBRU
	Norsk Ornitologisk Forening avd. Hordaland, Boks 280, 5751 ODDA
	Samnanger Jeger- og Fiskerlag, v/ Ove Gåsdal, 5650 TYSSE
	Samnanger Næringsforum, 5658 ÅRLAND
	Safa Eiendom AS, Postboks 69, 5650 TYSSE
	Aktivitetskonsulent Annette Hovland, Kirsten Flagstadsvei 72, 5146 FYLLINGSDALEN
	Statnett SF, Postboks 5192 Majorstua, 0302 OSLO
	BKK NETT AS, Postboks 7050, 5020 BERGEN
	BKK Produksjon AS, Postboks 7050, 5020 BERGEN
1	KM – Katarina Eftevand
1	KD – Oddvar Indrebø
1	ER – Seming Skau



- KUNNGJERING -

Aldal Kraft AS – Søknad om løyve til Aldalselva kraftverk i Samnanger kommune

NVE har motteke ein søknad frå Aldal Kraft AS om løyve til Aldalselva kraftverk i Samnanger kommune.

Kraftverket er planlagt med inntak i Fitjarvatnet på kote 336 med kraftstasjon og avlaup på kote 5. Vatnet skal gå i ei nedgravd røyrgate med ei lengde på ca. 2,5 km. Installert effekt i kraftverket er oppgjeve til 5,5 MW og produksjonen er berekna til om lag 18 GWh/år. Kraftverket legg opp til ei regulering av Fitjarvatnet på 1,6 meter. Det er foreslått slepp av minstevassføring på 15 l/s i sommarperioden og ingen slepp i vinterperioden. Det er i dag ein traktorveg opp til planlagt inntak og bilveg til planlagt kraftstasjonsområde.

Dette tiltaket må sjåast i samanheng med BKK Produksjon AS sitt omsøkte prosjekt som omfattar utbygging av Aldalselva. Den saka vart sendt på høyring i perioden 7. februar 2011 til 13. mai 2011.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn i ekspedisjonen på kommunehuset og på NVE sine nettsider www.nve.no/konsesjonssaker fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med *Einar Sofienlund*, på e-post: enar@sofienlund.org eller tlf 90 94 43 22.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **28.september 2012**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det utarbeidast eit samandrag som kan nyttast til dette.

Orientering til høyringspartane

Generelt

NVE har heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av småkraftverk (inntil 10 MW), og andre vassdragstiltak. Løyve til større kraftutbyggingar blir gjevne av Kongen i statsråd.

Frå 1. januar 2010 har fylkeskommunen heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av kraftverk med installert effekt inntil 1 MW. Dette gjeld m.a. ikkje saker i verna vassdrag.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gje løyve etter § 8 i vassressurslova.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE sender informasjon om høyringa til kommunar, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK), statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst 6 veker. Saka vert kunngjort i minst ei avis i distriktet og kommunen legg søknaden ut til offentleg gjennomsyn, ev. utlån. Søknaden vert òg lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker med tilgang til å sende inn fråsegn elektronisk.

Søklar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring i området.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang, jf. vassressurslova § 25. Søknaden og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering.

Dersom NVE gjev løyve, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte byggjefristar, vasslepping, naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

Om det er søkt løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk/ høgspente overføringsanlegg, vil NVE gje naudsynt energikonsesjon samstundes med løyve til bygging av kraftverket. Dei fleste høgspentanlegg med linjer kan byggast innanfor lokal netteigar sin områdekonsesjon.

Kva vert forventa av høyringsinstansane?

Kommunen bør gje grunnlegjende synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ. Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser (t.d. landskap, friluftsliv, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. NVE ønskjer forslag til vilkår eller avbøtande tiltak som kan redusere ev. skader ved gjennomføring av planane. NVE ventar at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.

FM bør leggje vekt på tilhøva omkring miljø, medrekna fisk og biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgivinga.

FK bør leggje vekt på kulturminne og friluftsliv som er særlege ansvarsområde. Det skal gjerast greie for tiltaket sin status og moglege konfliktnivå i fylkesdelplan for småkraftverk, om det er utarbeidd ein slik plan.

Motsegn og klagerett

I ny plan- og bygningslov er tilhøvet mellom konsesjonshandsaming og handsaming av planar for energianlegg endra for å sikre ei meir effektiv sakshandsaming. Det er ikkje krav om reguleringsplan. For å ta hand om retten til å fremja motsegn som kommunar og statlege fagetatar har hatt til reguleringsplanar, er det teke inn reglar i energi- og vassdragslovgivinga om motsegn og klagerett. NVE understrekar at ei ev. motsegn må fremjast i høyringsperioden. NVE syner til våre nettsider for meir informasjon: www.nve.no/konsesjonssaker.